



Notat

Dato: 23.04.2014
Arkivsak: 2014/13793-2
Saksbehandlar: torsan12

Til: Opplærings- og helseutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Spørsmål knytt til sak om lærarane sine kompetansekrav

Opplæringslova § 10-2 blei endra med verknad frå 1.1.2014. Endringa seier at den som skal undervise må ha minimum 60 studiepoeng i det faget han/ho skal undervise i.

I opplærings- og helseutvalet 8. april (sak PS 22/2014) blei det lagt fram ei sak som presenterte lovendringa og ei kartlegging på kor mange yrkesfaglærarar i HFK som manglar kompetanse etter den nye lovendringa.

Til saka blei det stilt to spørsmål om korleis ein skal lese tabell 1 (se under).

Tabell 1. Resultat av kartlegginga:

Utdanningsprogram	Tal på lærarar totalt	Tal på lærarar som manglar kompetanse	Tal på lærarar som er under utdanning
Bygg og anleggsteknikk (BA)	82	24	5
Design og handverk (DH)	43	1	--
Elektrofag (EL)	114	19	5
Helse og oppvekstfag (HO)	213	5	--
Medium og kommunikasjon (MK)	56	1	--
Naturbruk (NA)	92	0	--
Restaurant og matfag (RM)	51	2	--
Service og samferdsel (SS)	93	0	--
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	200	65	15
sum	944	117	--

Spørsmål som blei stilt i OPHE 8. april (sak PS 22/2014):

Spørsmål 1: Er dei maritime faga inkludert i kartlegginga i tabell side 3 i saksframlegget (tabellen over)?
Svar: Ja, dei maritime faga er kartlagt og inkludert i tala under Teknikk og industriell produksjon (TIP). Dei maritime faga er ein del av tilbodssstrukturen innan TIP.

Spørsmål 2: Skal lærarane i kolonne 3 «under utdanning» reknast i tillegg til dei i kolonne 2?

Svar: Ja, lærarane i kolonne 3 som er ført opp «under utdanning», skal reknast i tillegg til dei i kolonne 2, som «mangler formell kompetanse».